

## Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Fylkesordførar svarte slik:

«LHBT-arbeidet i Hordaland fylkeskommune skjer i regi av temaplan for likeverd, som dekkar eit breiare felt enn interpellanten peikar på – mellom anna likestilling, universiell utforming, mobbing og trakassering. Temaplanen vart vedteken av fylkestinget i juni 2017, og skal gjelde for fire år. Planen omfattar ikkje tiltak, men han set opp fire mål med 13 tilhøyrande strategiar.

Fylkesrådmannen er i gang med å utarbeide eit samla oversyn over status for arbeidet knytt til temaplanen for likeverd og det europeiske charter for likestilling mellom kvinner og menn i lokalsamfunnet, som Hordaland tiltredde etter vedtak i 2017. Dette oversynet skal etter planen leggest fram som ei orientering til fylkestinget hausten 2018.

Eg vil no gå gjennom det mest sentrale arbeidet som er gjort med planen, for å kome tilbake med ei meir uttømande oversikt i det samla oversynet som skal leggest fram i haust.

I tråd med temaplanen sin strategi for å førebygge mobbing og trakassering, er det etablert eit mobbeombod for elevar, og eigne retningsliner for handtering av mobbing, trakassering og anna utilbørleg åtferd er innført i HFK.

Når det gjeld strategien for å skape trygge og gode psykososiale miljø for alle tilsette, gjennomførte vi i januar ei medarbeidarundersøking der tilsette gav uttrykk for høg grad av trivsel. I den årlege eigenkontrollen kartlegg vi om lokale leiarar følgjer opp overordna krav. I eigenkontrollen for 2017 tok ein også opp spørsmål om likeverdsplanen vert følgd opp med tiltak i lokal HMS-plan. 13 einingar svarte JA, medan 33 svarte NEI. Denne mangelen vert følgd opp mellom anna gjennom opplæring. Det er sendt ut ei påminning til alle einingar om at tiltak for likestilling og likeverd skal være med i lokal HMS-plan.

Når det gjeld strategien for inkluderande verksemd, ligg det føre ein eigen IA-handlingsplan som vert følgd opp i HAMU to gangar årleg.

I samarbeid med foreininga FRI (tidlegare kalla LLH) er det så langt avvikla LHBT-kursing av omlag 330 rektorar, tilsette og elevar på 14 vidaregåande skular, med fleire kurs under planlegging. Fylkesrådmannen si toppleiargruppe og HAMU har også fått slik opplæring.»